




KLEPP KOMMUNE



Skulebruksplan

Klepp kommune
2021 - 2032

Hausten 2021



© John Th. Josefson/BONO

Med blikk for alle

Innleiing	3
Samandrag	4
Nasjonal skulepolitikk.....	5
Kommunal skulepolitikk	8
Kvalitetsplan barn og unge.....	9
Økonomiplan 2021 – 2024	10
Skulebygg og uteområde.....	12
Barnetal og skulekapasitet	21
Historisk utvikling av folketalet i Klepp kommune.....	21
Skulekrinsar og skulebygg	24
Referansar	31

Innleing

Skulebruksplanen er eit strategidokument som skal danne grunnlag for avgjersler knytte til:

- Utbygging i høve til elevtalsutviklinga
- Vedlikehald av bygningsmasse
- Tilpassing/ombygging til moderne skuledrift

Skuleanlegg skal tena mange føremål og er viktige signalbygg. Utforminga av bygga, standarden og det totale inntrykket skulebygget gjer, fortel om kommunen viser vilje til å satse på kvalitet i barn og unge sitt oppvekstmiljø.

Skulebygga må og legge til rette for god bruk for lag og organisasjonar og til ulike sosiale og kulturelle arrangement, og vert på den måten òg viktige kulturbygg i kommunen.

Målet må vera å ha godt vedlikehaldne skuleanlegg, tilpassa dei pedagogiske, sosiale og kulturelle føremåla.

Skulebruksplan 2021-2032 går over fleire periodar. Kommunedirektøren føreslår at planen blir revidert kvart 4 år og lagt fram saman med kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan same år som SSB reviderer sine folketalframskrivingar. Planen er eit grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen.

Samandrag

Gjeldande skulebruksplan 2015 – 2025 blei vedteken i kommunestyret i 2015. Kommunedirektøren legg no fram forslag til skulebruksplan for perioden 2021 – 2032. Klepp kommune har dei seinare åra hatt store investeringar i skulesektoren med Vardheia ungdomsskule, Bore skule, Kleppelunden skule og Kleppe skule.

Det har vore endringar sidan sist skulebruksplan blei vedteken. Det er noko lågare vekst i barne – og ungdomsskulane enn før, og det er blitt noko strammare økonomiske rammevilkår. Det vil likevel vere vekst i Klepp og behov for utbygging og utbetring av skulebygg.

I denne revisjonen av skulebruksplanen har me sett på ulike område slik at skulesituasjonen i Klepp blir best mogleg opplyst, slik at det kan danne eit godt utgangspunkt for avgjersler inn i framtida.

Ut frå prognosane er det ingen skular eller krinsar som treng auke i kapasiteten i planperioden. Når Kleppelunden skule står klar vil det avhjelpe på kapasiteten på Kleppe og Bore. Samstundes har me hatt eit ekstra fokus på Orstad skule. Det er ein skule som treng mykje vedlikehald, og ein skule som ikkje har det kravet som ein skule skal ha. Me føreslår difor at det blir sett av midlar til ein studie for å sjå på om det er lurt å rehabilitera skulen eller byggja heilt ny skule. Orstad læringscenter er og ein del av Orstad skule. Dei har ikkje gode lokale. Time kommune vil og utvida avtalen slik at kvar kommune har 10 elevplassar kvar.

Planen inneheld for øvrig ein omtale av det skulepolitiske grunnlaget for utforming av skulebygg og uteområde. Ved prosjektering av nybygg og større ombyggingar skal me ta utgangspunkt i dokumentet «prosjekteringsveileder skulebygg» som er under revidering.

Som vedlegg i planen ligg og tilstandsanalyse for skulebygg i Klepp kommune. Alle skular er enno ikkje på plass i planen, men dei skulane som me treng å sjå ekstra på i høve til vedlikehald er med.

Nasjonal skulepolitikk

For å planlegga nye skulebygg/-anlegg er det viktig at kommunen er oppdatert på nasjonal skulepolitikk slik at me best mogleg kan realisera visjonane for skulen. Dette kjem til uttrykk i ny læreplan og stortingsmeldingar.

For å læra må elevane få moglegheit til å fordjupe seg i emne, drive djupnelæring, samt å arbeida tverrfagleg. Skulen må ha fokus på å vise samanhengar og relevans for elevane. Dette gjer at vi stadig må tenkje nytt om korleis læringssituasjonane skal vere. Ludvigsen-utvalet la fram ei utgreiing om «Fremtidens skole» i 2015, og tilrår fire kompetanseområde som bør vektleggast

- Fagspesifikk kompetanse.
- Kompetanse i å læra.
- Kompetanse i å kommunisera, samhandla og delta.
- Kompetanse i å utforska og å skapa.

Læreplanverket – overordna del

Læreplanverket består av overordna del, fag- og timefordelinga og læreplanar for fag. Dette er forskrifter til opplæringslova, og er styrande for opplæringa.

Verdigrunnlaget

Overordna del av læreplanverket er ein viktig del, og her blir verdigrunnlaget omtalt:

- Skulen skal sørge for at menneskeverdet og dei verdiane som støtter opp om det, vert lagt til grunn for opplæringa og heile verksemda.
- Skulen skal gje elevane historisk og kulturell innsikt og forankring, og bidra til at kvar elev kan ivareta og utvikla sin identitet i eit inkluderande og mangfaldig fellesskap.
- Skulen skal bidra til at elevane blir nysgjerrige og stiller spørsmål, utviklar vitenskapleg og kritisk tenking og handlar med etisk medvit.
- Skulen skal la elevane utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng, og la dei få erfaring med å sjå moglegheiter og omsetja idear til handling.
- Skulen skal bidra til at elevane utviklar naturglede, respekt for naturen og klima- og miljømedvit.
- Skulen skal gje elevane moglegheit til å medvirka og til å læra kva demokrati betyr i praksis.

Prinsipp for læring, utdanning og danning

Overordna del av læreplanverket utdjuar dei overordna prinsippa for læring, utdanning og danning i grunnopplæringa.

Skulen har både eit dannelsingsoppdrag og eit utdanningsoppdrag. Dei heng saman og er avhengige av kvarandre. Prinsippa for arbeid med læring, utvikling og danning skal hjelpe skulane til å løyse dette doble oppdraget.

Opplæringa skal danna heile mennesket og gje kvar og ein moglegheit til å utvikla sine evner. Danning skjer når elevane får kunnskap om og innsikt i natur og miljø, språk og historie, samfunn og arbeidsliv, kunst og kultur og religion og livssyn. Danning skjer og gjennom opplevingar og praktiske utfordringar i undervisninga og skulekvardagen. Eit breitt spekter av aktivitetar, frå strukturert og målretta arbeid til spontan leik, gjev elevane ein erfaringsrikdom. Elevane dannast i møte med andre og gjennom fysisk og estetisk utfolding som fremjar rørsleglede og meistring. Danning skjer når dei arbeider på eiga hand, og når dei samarbeider med andre. Dei vert danna når dei bryner seg på teoretiske utfordringar ved hjelp av formlar og fagstoff, og når dei tek i bruk reiskapar for å meistra ei praktisk oppgåve. Danning skjer når elevane lærer korleis dei kjem fram til rett svar, men og når dei skjønar at det ikkje alltid finns enkle fasitsvar.

Prinsipp for skulen sin praksis

Skulen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og dei skal få utfordringar som fremjar danning og lærelyst. For å lukkast med dette må skulen bygga eit godt inkluderande læringsmiljø og tilpassa undervisninga i samarbeid med elevane og heimane. Skulen skal vera eit profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar sin praksis.

Dette vil ha innverknad på korleis vi tenkjer innhald og logistikk i skular og læringsareal i framtida.

Planlegging av skuleanlegg

Med bakgrunn i ny læreplan for grunnopplæringa og stortingsmeldingar er følgjande punkt viktige å leggja vekt på i planlegging av nye og framtidretta skuleanlegg:

- Skulebygninga er den viktigaste fysiske ramma kring læringsaktiviteten til elevane, og læring skal ha hovudfokus ved utforming av skuleanlegg. Utforminga av skulebygningane må være funksjonell, og ikkje være til hinder for at ulike organiseringsmodellar blir tatt i bruk. Både elevar og tilsette må oppleva skulebygningen som attraktiv, fleksibel og funksjonell.
- Alle elevar har krav på å få universell opplæring slik at dei kan utvikla evne og talent i samarbeid med andre, samt å få ei opplæring som stimulerer deira eiga lære- og vitelyst. Skulen skal være inkluderande, og alle skal kunna ta del i det sosiale, faglege og kulturelle fellesskapet på ein jambyrdig måte. Dette tilseier at all planlegging må ta høgde for skulebygg som gjer rom for stor variasjon av arbeids- og organiseringsformer. Bygga må mellom anna innehalda større fellesrom, læringsrom i varierende storleik, og arbeids- og læringsplassar for samarbeid og individuell læring. Bygga skal også være universelt utforma og kunna gje likeverdige læringsmoglegheiter også for dei med særskilde behov og funksjonshemmingar.
- Undervisning og læring er lagarbeid og skjer i samhandling med andre. Kompetanseutvikling for den enkelte eleven, læraren og skuleleiaren skjer i eit sosialt og kollegial fellesskap mellom dei ulike aktørane. Nyare læringsteori trekk fram verdien av den felles kunnskapskapitalen som oppstår når menneske med ulik bakgrunn, erfaring, kunnskap og kompetanse får opplæring og moglegheit til å

reflektera saman. Det må planleggast slik at elevane har læringsarenaer med gode moglegheiter til å være aktive deltakarar i eige læringsarbeid og saman med andre.

- Skulen skal ha opne dører mot samfunn og næringsliv for å bringa lokalsamfunnet inn i skulen og skulen ut i lokalsamfunnet. Eit skuleanlegg som er opne og har rom for felles bruk for skule og lokalsamfunn vil være positivt for eit slikt samvirke.

Årsverk i skulen

Opplæringslova § 8-2 seier: «Elevane kan delast i grupper etter behov. Gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Organiseringa skal ivareta elevane sitt behov for sosialt tilhør. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør» Lova hadde fram til oktober 2017 ikkje ei klar norm for klassestørrelse.

Når Klepp kommune budsjetterer midlar til skulane vert tildelinga gjort i lærarårsverk ut frå elevtal og skuleslag. Desse midla skal dekkja følgjande kategoriar på den einskilde skule:

- Årsverk til undervisning
- Årsverk til andre oppgåver som rådgjevar og sosiallærer
- Årsverk til leing

I 2018 innførte regjeringa ei norm for lærartettleik i grunnskulen. Frå hausten 2019 skulle det vera ein lærar pr. 15 elevar på 1. - 4. trinn, og ein lærar pr. 20 elevar frå 5. - 10. trinn.

Kvalifikasjonskrav for å undervisa

Kvalifikasjonskrava for å undervisa på barnetrinnet er halvårsstudium (30 studiepoeng) i matematikk, norsk og engelsk. Krava for å undervisa på ungdomstrinnet er årsstudium (60 studiepoeng) i matematikk, norsk og engelsk. Det er utfordrande å oppfylle eit slik krav og intensjonen bak det når skulane vert for små. Kravet har tilbakeverkande kraft, og skuleeigar har fram til 2025 for å sikra at lærarar deltek på vidareutdanning for å vera innanfor lovkrava.

Kommunal skulepolitikk

Etter ein omfattande prosess blei det hausten 2019 vedteke ein ny visjon for Klepp kommune:

“Med blikk for alle”

Det ble og utvikla eit verdisett som kjenneteiknar og gjer retning for handling i både det daglege og strategiske arbeidet.

- **Me tar i eit tak** - Me viser handlekraft og innsatsvilje og saman får me ting gjort
- **Me bryr oss** - Me viser omsorg for kvarandre, og for miljøet kring oss. Ingenting er viktigare enn generasjonane som kjem.
- **Me tenker fritt** – Me vågar å tenka stort og fritt saman.

I kommuneplanen for Klepp 2022 – 2033 er FN sine bærekraftsmål integrert i kommunal planlegging. Det blir i planprogrammet lagt opp til at bærekraftmåla skal danne utgangspunkt for kommuneplanen sin samfunnsdel. I Klepp er det vald ut 5 område. Sentralt for skulebruksplanen er området god utdanning

Bærekraftsmål: God utdanning

I Klepp blei dette bærekraftmålet prioritert fordi utdanning gjev meistring, kunnskap og valmoglegheiter. Læring skjer heile livet gjennom sosiale erfaringar og fellesskap og bidreg til livsmeistring og auka livskvalitet.

Slik vil me ha det

I Klepp har me barnehagar og skular der alle barn, ungdommar og tilsette kjenner meistring og inkludering.

Utfordringar

- Gje kunnskap, kompetanse og erfaringar som skal rusta unge for livet.
- Eit snevert fokus på læring, alle er gode til noko.
- Deltaking og engasjement i utdanning og samfunn.
- Sikra trivsel og meistring i barnehage og skulen for alle.
- Forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning.
- Gjennomføring i vidaregåande opplæring.
- Tiltak og arbeid for unge vaksne.
- Dugleik i lesing.
- Implementering av ny læreplan.
- Skadeleg einsemd.

Skulane i kommunen har i samarbeid med heimen ansvar for opplæringa av om lag 2750 elevar. Kommunen skal sjå til at skulane er godt utrusta til å ta seg av denne viktige oppgåva både når det gjeld tilsette, bygningar og utstyr.

Kvalitetsplan barn og unge

Det utarbeidast ein kvalitetsplan for barn og unge hausten 2021. Den skal ivareta heilskap og samanheng i lærings – og utviklingsarbeid for grunnskuleelevane i Klepp. Planen skal ha målsettingar om auka fagleg og sosial læring både for den einskilde eleven og for fellesskapet. Alt arbeid i skulen må byggja på målsettingar om livslang læring – motivasjon for å læra, ynskje om å utvikla seg og strekkja seg etter nye mål.

Kvalitetsplanen for barn og unge skal gje tydeleg og definert retning mot felles mål og synleggjera ambisjonane kommunen har for elevane si læring og danning i perioden.

Skulen sitt mandat og grunnlagsdokument for elevane si opplæring er læreplanverket for grunnskulen, opplæringslova og kommunale satsingar. Jærskulen er også ein viktig arena for skuleutviklinga i kommunen.

Kvalitetsplanen for barn og unge skal omhandla prioriterte kommunale føringar. I tillegg må kvar einskild skule utarbeida sin eigen utviklingsplan i tråd med denne kvalitetsplanen og kommunale føringar. I utviklingsplanen set skulen opp prioriterte mål for perioden i høve til eigen ståstad og kva tiltak som vert sett i gang for å nå oppsette mål.

I kvalitetsplanen vert det stilt forventningar til skuleeigar, rektor og leiinga på skulane i samanheng med kvalitetsvurdering og skuleutvikling. Leiargruppene har som hovudoppgåve å leggja til rette for at alle elevane ved skulen får eit maksimalt utbytte av undervisninga.

Tilstandsrapporten 2020

Klepp kommune skriv felles tilstandsrapport i Jærskulen saman med Time, Gjesdal og Hå kommune. I 2020 var det bla. fokus på tid til leiing. Status pr. 2020 viser at Klepp har mindre tid til leiing enn kommunane rundt oss. Leiing er blitt meir kompleks i skulesektoren. Skuleleigar i Klepp vil følge med i utviklinga og utfordringane kring leiing i skulen. Det er relativt få søkarar til ledige rektorstillingar i Klepp kommune.

Læring blant dei vaksne på skulane er viktig i ei tid der det blir stilt strengare krav til god undervisning for alle elevar. Lærarar ønskjer å arbeide i eit profesjonelt fagmiljø, med fleire kollegaer med same fagkrins. Fleire lærarar har gitt utrykk for at det viktigaste for dei er å tilhøyra eit profesjonelt fagmiljø med god leiing, og ei leiing som har tid til profesjonsutvikling. Det at lærarar kan snakka fag er med på å kvalitetssikra undervisninga.

Sektormål

Kunnskapsdepartementet sine sektormål er retningsgivande for utviklinga av skulane i Klepp. Desse er og ein del av Jærskulen sine mål.

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lukkast i opplæring og utdanning.

Økonomiplan 2021 – 2024

I økonomiplanen Klepp 2021 – 2024 er det følgende mål for sektoren:

- Barn og unge skal oppleve trygge og meningsfulle arenaer i barnehage og skule med rom for meistring.
- Barn og unge skal veksa opp under trygge forhold – sosialt, fysisk og økonomisk.
- Barn og unge skal møte tenester av høg kvalitet som vektlegg samarbeid og samhandling i eit heilskapleg og helsefremmande perspektiv.
- I skulen skal elevane læra å bruke digitale verktøy, media og ressursar for å løysa teoretiske og praktiske oppgåver, innhenta og behandla informasjon, utvikla kreativitet, skapa digitale produkt og kommunisera med andre.
- Sikra god samanheng og overgangar for barn og elevar i barnehage og grunnskulen.
- Sikra samanheng og heilskap i læringsinnhaldet til barn/unge, både fysisk og sosialt.

Måla i kommuneplanen

Barn og unge skal prioriterast jf. kommunevisjonen. Dette inneber at barn og unge skal ha gode oppvekst- og læringsvilkår og gode fritidstilbod. Kommunen skal særleg via merksemd til barn og unge som av ulike grunnar står i fare for å utvikla vanskar. Tidleg oppdaging og tidlege tiltak er viktig.

- Tidleg oppdaging og tilpassa tiltak er på plass med god samhandling med dei føresette.
- Oppvekstvilkåra til born og unge i kommunen er gode.
- Læringsresultata syner framgang.
- Kultur og fritidstilboda har breidde og kvalitet.

Kvar skule har eigen utviklingsplan ut frå desse måla og egne analysar.

I investeringsbudsjettet er det sett av slike midlar:

Beløp i økonomiplanen.

Skule	2021	2022	2023	2024	Sum
It undervisning	3 400	3 700	3 700	3 700	14 500
Kleppe skule	2 000	0	0	0	2 000
Kleppeloen skule	23 000	144 000	70 000	0	237 000
Rehabilitering Orre	7 500	12 500	0	0	20 000
Uteområde barnehage og skule	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Vardheia idrettshall	1 200	-11 700	0	0	-10 500
Vardheia ungdomsskule	12 600	0	0	0	12 600



Foto: Tu skule



Foto: Bore skule

Skulebygg og uteområde

Tidlegare var det statleg tilrådd å ikkje ha skular som var større enn 450 elevar. Det er no ikkje statlege føringar på skulestørrelse.

Grunnskulane i Noreg har skuleåret 2019/2020 i gjennomsnitt 227 elevar, som er 26 fleire elevar enn for 10 år sidan. I Klepp er fire av ni skular under landsgjennomsnittet på elevtal. Utviklinga nasjonalt dei seinare åra er at skular med mindre enn 100 elevar har gått kraftig ned, mens det er størst auke av skular med meir enn 500 elevar i sentrale strøk.

Skulestruktur med skular som har færre enn 300 elevar gjev høgare kostnad rekna pr. elev, og i Klepp har fire av ni skular færre enn 300 elevar. Når skulane vert over 550 elevar, krev skulane fleire spesialrom, større uteområde og ein annan styringsstruktur.

Fag på ungdomsskulane

Når ungdomsskulane overstig 400 elevar passerer ein kapasiteten på spesialrom for praktisk/estetiske fag. Dersom ein skule skal ta fleire elevar må kapasiteten på spesialrom doblast. Då kan elevtalet gå meir mot det doble.

På ungdomsskulane har elevane rett på eit framandspråk. Frå 2015 blei arbeidslivsfag innført som eit alternativ til andre framandspråk for elevar som ønsker eit meir praktisk fag. På små skular er det vanskeleg å få lærarar som dekkjer alle språkfaga. I tillegg er det vanskeleg å dela elevar i dei ulike språkfaga fordi gruppene blir for små.

Valfag blei innført i 2012 og elevane på ungdomsskulane kunne velja minimum to fag. Det beste for elevane er om ein kan velja mellom fleire fag, men det krev kapasitet og kompetanse. På skular med mindre enn to klassar pr. trinn vil det kunne vera utfordrande å tilby elevane fleire val.

Lover og forskrift skuleanlegg

Det er ingen nasjonale føringar som gjer direkte krav til utforming av skuleanlegg. Arealnormer for grunnskule vert vedteke i den einkilde kommune, men skal vere i.h.t lover og forskrifter. Klepp kommune har hatt føringar på 82,5m² for barneskular og 90 m² ved bygging/rehabilitering av ungdomsskular i førre skulebruksplan.

Fleire lover har likevel konsekvensar for korleis skuleanlegg vert utforma i forhold til ulike brukargrupper.

Opplæringslova er styrande for skulen sine oppgåver og innhald, som igjen stiller krav til ulike funksjonar i skuleanlegget. Ny opplæringslov vil vere gjeldande frå 2022.

Arbeidsmiljøvernlova med tilhøyrande forskrifter viser til reglar for dei tilsette sitt fysiske og psykiske arbeidsmiljø. I tillegg gjeld den for elevar i samband med kunst og handverk og naturfag.

Forskrift for miljøretta helsevern med rettleiarar inneheld krav til det fysiske og sosiale miljøet, og stiller krav til blant anna ansvarsforhold, internkontroll, plikt til opplysning og informasjon, tilsyn, sanksjonar og klage.

I rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern er størrelse på inneareala i grunnskular og vidaregåande skule presisert (Helsedirektoratet 2014):

«Undervisningsrom/Klasserom:

Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr.

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/ hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m² per elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m² per elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m² per elev. Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen.

Spesialiserte læringsareal:

Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram. Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå. Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inneklimate som luft, lys og akustikk er ivaretatt (jf. § 14).» (Helsedirektoratet 2014, s. 18-19).

Skolens utearealer

Skolens utearealer må være trafiksikre og by på muligheter for fysisk aktivitet, men også sosialt samvær, rekreasjon og hvile. Disse hensynene bør ivaretas allerede ved gjennomgang av reguleringsplan og valg av beliggenhet for skolen. Utformingen må fremme lek og motorisk utvikling, stimulere til egenaktivitet, men også til organiserte aktiviteter bl.a. i undervisningen. Alle elever må kunne bruke utearealet. Det foreligger generelle anbefalinger om minimum nettoareal per elev på 50 m² justert etter skolestørrelse og beliggenhet (IS-1130 helsedirektoratet). For nye skoler er anbefalingen (ref. rapport fra IS-1130/ 2003):

- Færre enn 100 elever samlet minimumsareal ca. 5000 m².
- Mellom 100 og 300 elever samlet minimumsareal ca. 10 000m².
- Flere enn 300 elever samlet minimumsareal ca. 15 000 m² med tillegg på 25 m² for hver elev over 300» (Helsedirektoratet 2014, s. 18-19).

Lov om folkehelsearbeid skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa. Lova skal sikra at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsestyremakter set i verk tiltak og samordnar si verksemd på ein forsvarleg måte.

Lov om matproduksjon stiller krav til utstyr, utforming og drift av lokale der det vert produsert, laga og oppbevart mat.

Plan og bygningslova med forskrift inneheld omfattande krav til det fysiske miljøet. Lova gjer blant anna sterke føringar for universell utforming.

Diskriminerings- og tilgjengelighetslova stiller krav om at alle areal, både ute og inne skal vere tilgjengelege for alle menneske uansett funksjonsevne, utan at ein kjenner seg diskriminert.

Tilpassa opplæring har vore eit grunnleggjande prinsipp i norsk skule sidan 1975. Alle elevar har krav på tilpassa opplæring. I forslaget til ny opplæringslov er omgrepet tilpassa opplæring tenkt erstatta av omgrepet universell opplæring. Dette betyr at skulen må leggja til rette for at elevane kan ta i bruk ulike læringsstrategiar i skulekvardagen. Det må vere mogleg å arbeide åleine, eller i små og store grupper. Nokre lærer best ved å sjå, andre gjennom å lytta eller ved å røra på seg. Vi vil derfor variere mellom ulike arbeidsmåtar og arbeidsformer for at elevane skal læra, reflektera, eksperimentera, samarbeida og utvikla kreativitet og kritisk tenking. Elevane må kunne arbeide på ulike måtar utan at det skal vere forstyrrande for dei andre. Vi vil vere innovative og bruke teknologi på måtar som fremjar læring for alle. Vi veit at det fysiske og det psykiske læringsmiljøet har stor betydning for elevane si trivsel og læring.

Skulen skal vere ein arena for:

- Læring
- Sosial utvikling
- Leik
- Utforsking
- Kultur
- Estetiske opplevingar
- Ekte omsorg

Hovudinngang

Hovudinngangen skal vera det første innbyggjarane ser, og skal invitere folk inn i skulen. Det må vera lyst og innbydande. Skilting må vera slik at ein lett kan orientera seg i bygget. Her må vere eige område for saksbehandlar/sekretær. Kontor for rektor med eit stort møterom. Kontor for sosiallærar og eventuelt rådgjevar. Godt lager for materiell. Rom for kopimaskin. Det skal vere plass til å stilla ut elevarbeid i området.

Arbeidsrom for tilsette

Arbeidsrom for tilsette bør vurderast med tanke på god elevkontakt, arbeidsoppgåver, samspel med fellesfunksjonar og leiinga ved skulen. Arbeidsromma skal som hovudregel plasserast nært læringsromma til elevane. Kvart arbeidsrom må ha eit møterom, samt at avdelingsleiar må ha eige kontor.

Lærarane skal ha sin individuelle arbeidsplass med tidsmessig dataløysing, heve-/senkepult, skap og hylleplass. Det må òg leggast til rette for samarbeid, enten på arbeidsrommet eller i eige møterom. Vidare må det gjerast ei vurdering av kor mange arbeidsplassar ein skal ha til andre tilsette på skulen, som tilsette i fagstillingar.

Garderobeforholda for dei tilsette bør vera gode, og det bør vera dusj, tørkeplass og individuelle garderobeplassar til klede og sko.

Personalrom

Personalrommet bør plasserast sentralt i skulebygget. Her må ein ivareta personalet sine behov for pause og ro. Ein bør kunna samla alle tilsette i eit slikt rom. Det skal òg vere ei god kjøkkenløsning og utstyr til presentasjon og informasjon. Det kan vurderast at dei tilsette har lunsj saman med elevane i kantina.

Læringsrom

Læringsromma er elevane sitt læringsareal. Dette er eit samleomgrep som omfattar klasserom, grupperom og fellesrom. I løpet av skuledagen kan elevane organiserast i ulike grupper, alt etter etterarbeidsoppgåver og arbeidsmetodikk. Kwart trinn har sitt eige areal, sin base og sin inngang. Det bør etablerast eit lite nærlager i tilknytning til kvart trinn. Dette vil ivareta behov for lagring av lærebøker, skrivebøker, IPad, bærbare PC-er og anna materiell som lærarar og elevar på trinnet har behov for. Må vere låsbart.

Alle elevar skal høyre til i ei gruppe og ha sin kontaktlærar. Området skal innehalda fleksible læringsrom i ulike storleikar slik at elevane får høve til å utprøva varierte arbeidsmåtar, både samarbeid med andre elevar og individuelt arbeid. Ulike elevaktivitetar må kunna skje side om side i læringsromma. I læringsarealet skal det også vera eit areal som er eigna til presentasjon og framføring. Kontaktlærar må kunne samle si gruppe, og kunne samtale med den einskilde elev. Arbeidsplassane til elevane må vere varierte, ta omsyn til lyd og lys, sitjestilling og bruk av kroppen.

Alle elevane skal ha eige skap/hylle. Det må også vera oppbevaringsmodular for andre læremiddel og materiale som elevane nyttar.

Området skal ikkje vere så avskjerma at andre elevgrupper ikkje kan nytta arealet.

Elevgarderobar

Elevgarderobane må tilretteleggast for våt- og tørrsone. Kvar elev skal ha sin garderobeplass der blant anna utesko, innesko, skifteklede, gym klede og yttertøy kan oppbevarast. Det skal vere tørkeplass for vått tøy for dei minste elevane.

Bibliotek

Biblioteket må liggja sentralt plassert i forhold til læringsromma. Biblioteket skal vera innbydande og stimulera til læring. Rommet kan ha plass til ulike utstillingar. Bibliotekaren skal ha eigen arbeidsplass.

SFO

Skule- og fritidsordninga (SFO) nyttar dei yngste elevane sine areal. Læringsromma som SFO brukar må gje moglegheit til leik, læring og fritid. SFO må ha gode lagringsmoglegheiter, med fleksible og flyttbare oppbevaringsmodular.

Spesialrom/fagområde

Skulen må vurderer kva spesialrom ein treng ut frå krav i fagplanar og skuleslag. Det kan vera naturleg å tenkja at eit naturfagrom har eit spesielt fokus med tanke på naturområdet utanfor skulen for 1. – 7. trinn. Ungdomsskulane bør ha eige naturfagrom.

Læringslab

Det bør leggest til rette for eit kreativt verkstad med god plass til å samarbeide, samt arbeide med ulike prosjekt. God hylleplass og arbeidsstasjonar er viktig. Dette kan sjåast i samanheng med biblioteket.

Kunst og handverk

Ein del av faget kunst og handverk kan gjennomførast i dei ordinære læringsroma, men det må likevel leggest til rette for andre rom alt etter aktivitet. Det må vera eit rom for arbeid med harde konstruktive materiale, for eksempel trearbeid, med tilhøyrande rom for farlege reiskapar, samt eit material-/lagerrom. Det må også vera eit rom der ein kan arbeida med tekstilar og teikning/maling med tilhøyrande lager. I tillegg kan ein også legga til rette for eit rom der ein skal arbeida med keramikk. Dette kan også fungera som eit etterbehandlingsrom (lakk, maling og liknande), og må ha tilgang til vatn og sluk i golvet. Der ein skal utføra arbeid som medfører støv og avgassar må det vera avsug i forhold til gjeldande regelverk.

Desse ulike kunst- og handverksroma skal liggja plassert slik at ein lett kan bevega seg frå det eine rommet til det andre, og det kan godt vera gjennomsyn begge vegar. Det må også vera nok veggplass til skap/hyller, og til å hengja opp ulike verktøy. Det må også leggest til rette for fleksible straumuttak. Kulturskulen er ein nyttig samarbeidspartnar i planlegginga av desse romma.

Musikk

Musikkfaget må ha eige rom sjølv om deler av faget kan leggest til andre rom. Musikkavdelinga bør innehalda eit fellesrom med tilhøyrande øvingsrom. Det må også vera gode oppbevaringsmoglegheiter for ulike instrument.

Musikkavdelinga bør leggest i tilknytning til vestibyle/amfi slik at romma kan fungera som førebuingssrom og eventuell scene til ulike framføringar. Skulekorpsa må få nok lager for lagring av utstyr. Kulturskulen og skulekorpsa er nyttige samarbeidspartnarar i planlegginga av desse romma.

Mat og helse/kantine

Mat og helse bør lokaliserast i samband med kantine og kanskje vestibyle. Rommet skal innehalda fire arbeidsområde, fire komplette kjøkken. I tillegg må det vera ein kjøkkenbenk for demonstrasjon med koketopp, komfyr og vask. Eitt av områda må vera tilpassa elevane i rullestol med heve-/senkeløysing. Det kan vere kjøkkenet for demonstrasjon.

Rommet må i tillegg innehalda skap for oppbevaring av mat og felles dekketøy, vaskemaskin, samt kjøll og frys. Ein må gjera ei vurdering om elevane skal kunna dekkja bord inne i mat- og helserommet, eller om dei skal nytta kantina til dette. Det bør vere moglegheit for elevane å sitja ned for å følgja med i gjennomgangar og demonstrasjonar.

Det er svært viktig med kantine i eit folkehelseperspektiv. Det blir større og større utfordringar med elevar som ikkje har hatt med seg mat eller at dei har hatt med seg ueigna skulemat. Kantinetilbodet sikrar at alle elevane får eit sunt skulemåltid med god mat og drikke. Ordninga er derfor viktig i forhold til læring av gode matvanar.

Når elevane et i kantina, enten eigen mat eller mat frå kantina, vil det vera lettare med reinhaldet i dei ordinære læringsroma. Det vert heller ikkje så mykje avfall i dei ordinære læringsroma i form av mjølkekartongar og organisk avfall.

Kantina bør vera i sambruk med mat og helse og vestibyle. Kantina må kunna brukast fleksibelt, og minimum ha ein kapasitet på ein tredel av elevtalet ved skulen. Kantina bør også ha kapasitet til å kunne servera lunsj til personalet ved skulen.

Det viktig å tenka på varelevering i samband med kantina.

Skulane skal ta utgangspunkt i nasjonalfagleg rettleiar for skulemåltid når dei planlegg korleis måltidet skal skje.

Gymhall/fleirbrukshall

Gymsal/fleirbrukshall bør vere tilrettelagt for ulike aktivitetar. Det kan vere ei sceneløysning, men det kjem an på korleis utforminga av vestibyle, musikkrom og amfi er. Gymsalen/fleirbrukshall vert eit viktig rom både i kvardagen i skulen og for andre brukarar i nærmiljøet. God plass til utstyr er sentralt for skulen og organisasjonar. Styrkerom i samband med hall må vurderast. Hallen må utformast slik at ein kan søkja om tilskot i form av spelemidlar.

Amfi

Amfi er eit rom som er spesielt eigna til førestillingar og framføringar både i skuletida og utanfor skuletida. Amfiet kan leggest i tilknytning til elevkantine slik at arealet blir fleksibelt. Amfiet må kunne stengast av.

Kulturskulen

Etter lova skal alle kommunar ha eit kulturskuletilbod der elevane skal få oppleve og utøva kunst og kultur gjennom eigen aktivitet og i møte med andre. Det er viktig at arealet i skulebygga blir tilpassa behova som går fram av rammeplan for kulturskulen. Kulturskulen skal disponera rom til si undervisning på skulane.

Uterommet

Skulen sitt uteområde er viktige og sentrale punkt i nærmiljøet, og vil vera ein samlingsplass både på dagtid og kveldstid. Det vil vera eit nærmiljøanlegg til ope bruk for alle året rundt. Møteplassar av denne typen bør ha høg kvalitet og tilby rik variasjon av utfordringar og aktivitetsmoglegheiter, både til leik og læring. Som aktivitetsarena og sosial møteplass skal uterommet planleggast i forhold til universell utforming, elevane sin alder og deira behov for ulike og varierte aktivitetar.

Parkering og dropsone for bilar og bussar må vurderast nøye.

Skulehelsetenesta/lege

Skulehelsetenesta og lege må disponera tenlege rom til helseundersøkingar, vaksinasjon og samtale. Kontor for skulehelsetenesta må innehalda benk med vaskekum og utslagsvask. I tilknytning til kontoret bør det vera eit venterom. Det bør vera eigen inngang.

Forsterka skular/særskild tilrettelegging

Kommunen har ei forsterka avdeling ved Orstad skule kalla Orstad læringscenter med plass til 12 elevar. Time kommune har avtale om fire av desse plassane. Det er drøftingar mellom kommunane om å utvide ordninga då det er eit aukande behov.

Det er likevel slik at foreldre/føresette kan velja nærskulen for sine barn om dei ønsker det. Orstad læringscenter organiserer undervisninga for elevar som har behov for ei alternativ tilpassa opplæring, både i høve til læringsareal og undervisning. Elevane vil ha behov for rom og utstyr tilpassa sine behov om dei vel Orstad læringscenter eller nærskulen. Det er sentralt for kommunen å ha eit godt fagmiljø blant dei tilsette med spissa kompetanse for å gje eit godt individuelt tilbod.

To-språklege elevar

Elevar i grunnskulealder som kjem til kommunen utan norskkunnskap vert samla i eigne grupper og får ei tilrettelagt språkopplæring. Elevane vil etter kvart ha kontakt med sitt trinn på nærskulen, og bli integrert så fort det lar seg gjera. Tilbakeføring til nærskulen skjer når språkkunnskapane er gode nok til at eleven kan følgja ordinær undervisning (1 – 2 år) Denne opplæringa er i dag knytt til språkstasjonen på Kleppe skule. Det er sentralt for kommunen å ha eit godt fagmiljø blant dei tilsette med spissa kompetanse for å gje eit godt individuelt tilbod.

Bruk og sambruk av skuleanlegget

Skulebygget er primært ein læringsarena for elevane, men skal også tena lokalsamfunnet. Nærmiljøanlegga skal vera opne for alle. Vestibyle, amfi, fleirbrukshall, kantine, kjøkken, rom for kunst og handverk og musikkrom bør vera rom som kan leigast ut. Desse skal så langt råd utgjera sjølvstendige, låsbare areal i bygget. Ved bygging/ombygging og rehabilitering av skular må ein ta omsyn til behova til idrett og kulturlivet.

Læringsteknologi

Kommunen har ansvar for at barn og unge i skulen blir rusta for å møte behova i dag og i framtida gjennom å utvikle digital kompetanse i ein stadig meir digitalisert kvardag.

IKT-løysingar skal vera tidsmessige og tilgjengelege i heile skulebygget, også i spesialrom. IKT-system og -løysingar skal så langt det går fungera på fleire brukarplattformer som pc, mobil, nettbrett mm. Utbygging av opne trådlause nettverk og mobilitet skal vere førande for utviklinga på området.

Dei siste åra har alle tilsette og elevar fått kvar sin Ipad. Det er viktig at alle har kvar sin for å få tyngde i satsinga på ny teknologi, og nye måtar å lære på.

Det bør utarbeidast ein rettleiar for kabling av nye bygg og ombygging.

Når det gjeld tekniske anlegg bør ein leggja til rette for at dette kan merkast og vera tilgjengeleg når det er relevant for undervisning.

Klima og energi

Skulen skal byggast for generasjonane som kjem og vere miljøvennlege bygg med sunt inneklima, berekraftig materialbruk og lågt energiforbruk. Anlegga må vere robuste og tole ekstremnedbør. Materialar som blir brukt må ta omsyn til driftskostnader gjennom heile livsløpet.

Skulebygga utgjer ein stor del av kommunen sin samla bygningsmasse. Sjølv om det har vore stor satsing på skulebygga dei siste åra er nokre av bygga gamle og ligg under gjeldande krav til isolasjon og varmegjenvinning.

Klepp kommune har i mange år vore oppteken av energiøkonomisering med styring av ventilasjon, lys og varme i formålsbygga, og har hatt ei effektiv energiutnytting. Klima og miljøplan har vedteke 40 % reduksjon av klimagassutslepp innan 2030. Dette vil påverka nye skulebygg ved at ein gjennomfører Breemsertifisering. Det inneber at ein gjer ei klimavurdering av sjølve skulebygget, uteområdet og korleis elevar og innbyggjarar kjem seg til skulen mm.

Trafikktryggleik

Det skal leggst vekt på trygge skuleveggar for alle elevar, og særleg trafikkavviklinga rundt skulane må tryggast og planleggast godt. Skuleskyss, gang- og sykkelvegstruktur, utforming av uteområde og tilkomstveggar betyr mykje for tryggleik. Alle skular skal ha ein årsplan for trafikktryggleik.

Sikkerheit og beredskap

Nye skulebygg skal planleggast og bli utstyrt slik at uønska hendingar skal vere eigna til å ivareta både elevar, tilsette og nærmiljøet på ein god måte. Dette handlar om beredskap og krisesituasjonar av ulik art.

Skulebygg kan bli ramma av ei rekke uønska alvorlege hendingar som tjuveri, brann, bombe (trussel), skadeverk/hærverk og alvorleg valdsbruk. Dette kan vere avgrensa til skuleområdet, men og hendingar i nærmiljøet til skulen.



Foto: Kleppe skule



Foto: Jan Bekkum

Barnetal og skulekapasitet

Historisk utvikling av folketalet i Klepp kommune

Utviklinga i folketalet i Klepp vil vere avhengig av kor mange som blir fødde, kor mange som døyr og kor mange som flyttar til og frå kommunen. Utviklinga i talet på barn i skulealder heng tett saman med utviklinga av folketalet. Talet på skulebarn dimensjonerer kor store skular det er behov for. Klepp har skulekrinsar, og det vil vere naturleg å sjå krinsvis på utviklinga i tala på skulebarn opp mot kapasiteten på skulane.


I Ksak 8/21 om kommuneplanen vedtok kommunestyret at «På grunn av signal frå overordna myndigheit om eit sterkare jordvern vert arbeidet med kommuneplanen basert på ein vekst på 0,7 prosent». Dei siste åra har veksten i Klepp vore høgare enn dette, og for å redusere veksten må bustadbygging reduserast. Sidan det allereie pågår mange utbyggingsprosjekt, vil det ta nokre år før slike begrensningar får effekt.

I framskivingane for elevtal er det brukt tre alternativ:


- Alternativ 1: 0,7% vekst slik kommunestyret har vedtatt
- Alternativ 2: Middels høg vekst (omtrent som i 2020)
- Alternativ 3: Høg vekst (høgare enn i 2020)

Faktisk vekst i folketal vil på kort sikt (2021-2025) truleg ligge nær alternativ 2. Alternativ 3 er tatt med for å sjå om det kan bli kapasitetsutfordringar ved høg vekst.


Forutsetningar og prognosar frå alternativa blir vist i diagramma nedanfor




Fruktbarheit har hatt ein fallande trend dei siste 10 åra i landet og i Klepp. I første halvår 2021 har det likevel vore ein sterk auke i fødselar. Ein må sjå om dette er ein kortvarig "korona-effekt" eller varig endring.




Etter nokre svake år har tilflyttinga til Klepp teke seg opp. Trenden er positiv for Klepp, Time og Sandnes, mens andre kommunar i regionen har svakare tal. Det er planlagt store byggjeprojekt i Klepp dei neste 3-4 åra som kan tyde på at stor tilflytting kan vare ein stund.



Høge fødselstal i 2021 og mange byggjeprojekt for bustader i Klepp kan tyde på at folketalsveksten de neste 3-4 åra vil liggja i den høge enden. På sikt har kommunestyret ytra ønske om å begrensa veksten til 0,7%.



Flere år med låge fødselstal og netto innflytting fører til at elevtalet i barneskule vil avta dei neste 5 åra. Videre utvikling er avhengig av nye fødselar og innflytting.



Elevtalet i ungdomsskule er venta å vere svakt avtakande i planperioden.


Det er laga prognosar for elevtal på dei enkelte skulane og samanlikna med teoretisk kapasitet. Teoretisk kapasitet er berekna ut frå tal på klassar per trinn, og 25 elevar per klasse i barneskule og 30 elevar på ungdomsskule. I praksis får ein ikkje nytta slik teoretisk kapasitet på grunn av språkdeling og ujamne elevtal på trinna. Reell kapasitet vil ligge opptil 10% lågare enn den teoretiske.

Skulekrinsar og skulebygg

Bore skule

Bore skule har i dag etter ombygging ein kapasitet på 525 elevar. Elevtalet 2021-2022 er på 445 elevar.


Framskriving av folkemengd 6 – 12 år pr. 01.09.2021.



Bore ungdomsskule

Bore ungdomsskule har ein kapasitet på 360 elevar. Skuleåret 2021-2022 er elevtalet på 330 elevar. Då er 7. trinn på Bore inkludert i tala.


Framskriving av folkemengd 13 – 15 år pr. 01.09.2021



Kleppelunden skule

Kleppelunden skule vil ha ein kapasitet på 350 elevar. Skuleåret 2021-2022 er det ingen elevar. Horpestad skule har eit elevtal på 102 elevar 2021-2021.


Framskrivning av folkemengd 6 – 12 år pr. 01.09.2021.



Kleppe skule

Kleppe skule har i dag etter ombygging ein kapasitet på 525 elevar. Elevtalet 2021 - 2022 er på 492 elevar. Med språkstasjonen er det ca. 510 elevar.


Framskrivning av folkemengd 6 – 12 år pr. 01.09.2021.



Klepp ungdomsskule

Klepp ungdomsskule har ein kapasitet på 450 elevar. Skuleåret 2021-2022 er elevtalet på 396 elevar.

Framskriving av folkemengd 13 – 15 år pr. 01.09.2021.



Klepp kulturskule

Klepp kulturskule har i dag ca. 435 elevplassar. Klepp kulturskule har tilbod innan musikkfag (instrumentopplæring), drama, teater, dansefag, kunstfag og musikkterapi. Skulen har arbeidsgjevaransvar for 4 dirigentar i 4 skulekorps og totalt 9,82 årsverk.

Kulturskulen er godt synleg i kommunen, og har eit godt omdømme, og feirar 50-årsjubileum hausten 2021. Skulen vil flytte inn i nye og godt eigna lokale i det nye kommunehuset i 2025.


Oppsummering Kleppe og Bore

I følgje framskrivingane som er lagde til grunn vil det vera god skulekapasitet i sentrum ut kommuneplanperioden. Når Kleppelunden skule står klar vil det vera god kapasitet på Bore og Kleppe. I følgje tilstandskartlegginga blir det påpeika at det er vedlikehaldsbehov på Kleppe skule.

Engelsvoll skule

Engelsvoll skule har i dag etter ombygging ein kapasitet på 350 elevar. Elevtalet 2021-2022 er på 181 elevar.

Framskriving av folkemengd 6 – 12 år pr. 01.09.2021.




Oppsummering Engelsvoll

Det er god kapasitet på Engelsvoll ut perioden. Det er ikkje lenge sidan skulen blei rehabilitert. Det manglar kantine og aula på skulen.

Orstad skule

Orstad skule har i dag ein kapasitet på 500 elevar. Elevtalet 2021-2022 er på 306 elevar. Framskriving av folkemengd 6 – 12 år pr. 01.09.2021.



Orstad læringscenter

Klepp kommune har i dag eit samarbeid med Time kommune om kjøp av inntil fire plassar på Orstad læringscenter for elevar som har behov for alternativ opplæringsarena. Avtalen er frå starten av år 2000, men er nå revidert. Det er plass til totalt 12 elevar ved avdelinga.

Det har vore dialog mellom Klepp og Time knytt til gjeldande avtale det siste året, og det er eit ønske frå begge kommunane om å samarbeida og utvikle tilbodet. Bakgrunnen for samtalane er at kommunestyret i Time kommune har bedt kommunedirektøren fremja eiga sak om framtidig løysning for elevar som har behov for alternativ opplæringsarena saman med Klepp kommune. Time kommune vurderer om dei skal laga noko sjølv om ikkje avtalen blir utvida.


Det har vore aukande etterspørsel etter plass på Orstad læringscenter både i Klepp og Time kommune dei siste åra. I dag er elevtalet på 17 elevar. Det er i overkant høgt, og det er utfordrande i forhold til plass og kvalitet på undervisninga. Det er eit ønske om felles avdeling mellom Klepp og Time kommune som kan dekkja behovet for plasser samla for begge kommunane. Det kan vera snakk om ei avdeling med plass til 10 elevar frå kvar kommune. Det er eit ønske at tilbodet skal lokaliserast i Klepp kommune som eit vertskommunesamarbeid på lik linje som avtalen rundt felles ungdomsskule i Vardheia.

Oppsummering Orstad

Det vil vera god kapasitet på Orstad ut perioden. Skulen er likevel gammal og det er avdekkja eit stort vedlikehaldsbehov. Det bør utarbeidast ein grundig rapport der det blir vurdert nybygg kontra rehabilitering av skulen. I rapporten er det viktig at det blir belyst ordinær skule og fasilitetar til Orstad læringscenter og samarbeid med Time kommune. Organisering av skulen inn i framtida må vurderast.

Tu skule

Tu skule har i dag ein kapasitet på 350 elevar. Elevtalet 2021-2022 er på 269 elevar
Framskrivning av folkemengd 6 – 12 år pr. 01.09.2021.




Oppsummering Tu

Det er god kapasitet på Tu ut perioden. Ny skule stod klar i januar 2015.

Orre skule

Orre skule har i dag ein kapasitet på 180 elevar. Elevtalet 2021-2022 er på 147 elevar

Framskriving av folkemengd 6 – 12 år pr. 01.09.2021.



Oppsummering Orre


Det er god kapasitet på Orre ut perioden. Skulen blir ein rein barneskule frå august 2021.

Det er sett av 20 millionar til ombygging/rehabilitering. Planlegginga er starta. Det er avdekket eit vedlikehaldsbehov. Det er ikkje planlagt utbetring av vedlikehaldsbehova før ombygginga er ferdig.

Vardheia ungdomsskule

Vardheia ungdomsskule har ein kapasitet på 450 elevar. Skuleåret 2021-2022 er elevtalet på 180 elevar. Klepp kommune har 98 elevar på skulen i dag.

Framskriving av folkemengd 13 – 15 år pr. 01.09.2021.



Oppsummering Vardheia

Skulen opna i august 2021. I oppstarten er det 8. og 9. trinn. Frå skuleåret 2022 vil det vera elevar på alle trinn. Klepp kommune ville hatt utfordningar med kapasiteten på ungdomsskulane om ikkje skulen hadde blitt bygd.

Referansar

En skole for vår tid. Sluttrapport Ekspertgruppe for skolebidrag. Mai 2021.09.16
https://www.regjeringen.no/contentassets/0f38964bb67f4259b74967911799bdac/en-skole-for-var-tid_v5.pdf

Forskrift til opplæringslova: § 14-2. Krav for tilsetjing og undervisning på barnetrinnet, og § 14.3. Krav for tilsetjing og undervisning på ungdomstrinnet.
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/kap14#kap14>

Meld.St.21. (2016-2017) *Lærelyst-tidlig innsats og kvalitet i skolen*. Det kongelige kunnskapsdepartement.

Meld. St.31 (2007-2008) *Kvalitet i skolen*. Det kongelige kunnskapsdepartementet

Miljøretta helsevern i barnehage og skule:
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Læreplan for grunnskulen:
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/>

Opplæringslova
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>



Foto: Casey Thomas Arneson. Lærer Engelsvoll skule